

HVA MA GJØRES

NR. 5 1983
UTGITT AV NKS
STØTTET AV SIO
ANSVARLIG RED.
RUNAR KVERNEN

HVA MA GJØRES

NY!

NY!

NY!

STATSBUDSJETT 83

Framlegget til Statsbudsjettet for 1984 inneber for studiefinansieringa:

- INGEN REDUKSJON AV RENTEFOOTEN, TRASS I REDUSERT INFLASJON.
Det betyr auke i realrenta, og medfører at alle opptekne lån reelt vert 5% høgare i løpet av 1984!
- BEHOVSPRØVING AV LÅNET MOT EKTEFELLES INNTEKT.
som reduserer lånemulighetene for gifte studentar. Dette vil i praksis særleg ramma gifte kvinner, som ein ved dette freistar skvise frå høgare utdanning.
- KOSTNADSNORMEN (TOTALT LÅN OG STIPEND) AUKAR FRÅ 3200,- TIL 3370,- PR.MND.
- BORTEBUARSTIPENDET AUKAR FRÅ 610,- TIL 650,- PR. MND.
Kostnadsnormen vil med dette gå opp med 5,3 % og bortebruarstipendet med 6,5%. Departementet har her indeksregulert mot forventa pris- og lønnsauke i 1984. Men reglane for indeksregulert av lån og stipend, som stortinget sjølv vedtok i 1976, skal denne indeksreguleringa skje mot auken i gjennomsnitts industriarbeidarlønn året før. Dette medfører at studentøkonomien alltid vil ha eit "etterslep", som så skal innhentas ved statsbudsjettet. Vi får altså "lønnstillegget" eit år på etterskot. For å ta att etterslepet frå i fjor skulle vi hatt 9,4% auke i både lån og stipend. Statsbudsjettet vil difor i realiteten bety nedgang i lån og stipend.
- STØNADEN TIL STUDENTVELFERD ER KUTTA NED MED 15%.
Mellom anna vert det ingen nybygging av studentbustadar.
- TI ÅR GAMLE LÅN, OG ELDRE, FÅR HØGARE TERMINBELØP.

RENTESØKK PÅ STUDIELÅN!

STORTINGSMELDING NR. 12

FORSVAR STIPENDEA !

Stortingsmelding 12 om utdanningsfinansiering som kom i sommar, gjer framlegg om eit nytt system for stipendtildeling som vil leggja vegen open for storstilte nedskjeringar på stipendmidlane i åra som kjem.

Stipendtildelinga skal ikkje lenger vera knytte til konkrete ulikheiter i vilkår for å ha utdanning, skal berre bli eit resultat av kor mykje staten kvart år finn det for godt å investera i utdanning. Samstundes med at studentane ved hjelp av lånevilkår skal skremast til å ta deltidsarbeid, så skal stipendet behovsprøvast mot eigen inntekt.


Forverringne i lånevilkåra som vert foreslått er nedkorting av tilbakebetalingstida og innføring av rentesrente i Lånekassa. Dette siste vil bety d.s.s. ca. 1 % auke i renter for alle i tillegg til at det vil fungera som eit rent straffetiltak for dei som grunna dårleg økonomi må søka om utsettjing av tilbakebetalinga.

Budsjetta dei siste åra, og ikkje minst det for 1984, viser at det er bortebruarstipendet som er det politisk vanskelegaste å kutta ned. Ved å fjerna tilknytninga mellom stipend og og det å bu borte, vil staten langt lettare kunna nytta reint økonomiske argument for nedskjeringar på stipendmidlane, og ungå politisk vanskelege problem.

Beklagelegvis er det berre NKS av dei politiske studentorganisasjonane som har teke klar avstand frå å innføra "prosentstipendmodellen", som det nye stipendsystemet vert kalla. Men det er no ut til at fleire kjem etter og at vi kan få ein brei protest mot St. melding 12.

Stortingsmelding 12 er det hardaste åtaket som nokon gong er retta mot utdanningsfinansieringa. Protestane mot den bør bli minst like store som dei var mot innføring av renter i studietida 1980.

Ny nedskjæringsmelding om studiefinansiering !



Jeg vil delta på studiesirkel i NKS ☐

Jeg vil vite mer om NKS ☐

Jeg vil bli medlem av NKS ☐

Navn:

Adresse:

Sendes til: NKS, Boks 6875, St. Olavs plass - Oslo 1


Kontor: St. Olavsgt. 3, tlf. 02 — 11 45 73

REALRENTA VIKTIG!

Staten reknar med 6,5% inflasjon i 1984, medan lånerenta vert verande 11,5%. Dette medfører ei eksplosiv utvikling av realrenta dvs. differansen mellom rentefot og inflasjon. Utviklinga vil i tida 1972 til 1984 etter framlegget til statsbudsjettet verta slik:

	1972	1977	1982	1983	1984
Rentefot :	5,75	6,5	10,5	11,5	11,5
Innflasjon :	7,2	9,0	11,4	7,5	6,5
Realrente :	-1,8	-2,5	-0,9	+4,0	+5,0

Dette kan framstillast slik : (Kurven viser realrenta)



Vi har fram til 1983 hatt ei såkalt negativ realrente på studielåna. Det betyr at realverdien av studielånet har gått noko ned sjølv om renta har komme i tillegg. Dette har vore ein av fordelene med lån i Lånekassen, og som har gjort det forsvarleg å leggja seg opp ei studiegjeld. Dersom realrenta er null - 0 -, fungerer renta eigentleg som ei indeksregulering av lånet. Når realrenta er positiv, til dømes slik regjeringa foreslår for 1984, +5%, så betyr det at realverdien av lånet aukar med 5% i 1984!

Frå at rentenivået i Lånekassen tidlegare var ei slags subsidiering har det no blitt eit reint utsuginnsmiddel overfor akademikarar.

NKS OM STATSBUJSJETTET

Kultur og vitskapsdepartementet har avsagt sin årlege dom over utdanningsfinansieringa. Igjen er det innskjerinar på tilbakebetalinga som er stilt i sentrum.

Dei siste åra har rentenivået hatt ei eksplosiv utvikling. Frå 6,5% i 1977 til 11,5% i 1983. Dette er resultatet av statens nedskjeringspolitikk sidan slutten av 1970-åra. For å få aksept for forverringane, har ein argumentert med at renta må følja inflasjonstakten.

At dette berre har vore vikarierende argument ser vi tydeleg av framlegget til statsbudsjett for 1984. Her vert det rekna med ein inflasjon for 1984 på 6,5%, medan lånerenta framleis skal vera 11,5%.

Tidlegare var den negative realrenta eit viktig verkemiddel Lånekassen brukte for å gjera det mogeleg for mange å ta utdanning. Mange av dei som i dag er tilbakebetalarar har sett på dei den gong gunstige lånevilkåra som eit vilkår for at det skulle vera forsvarleg å sytla seg ned i studiegjeld.

små muligheiter til rentefråndrag ved skattelikninga.

Forverringa vil som vanleg gå mest utover dei med lågast inntekt og med

For dei utdanningssøkande vil dette hoppet i rentenivå gjera det "livsfarleg" å ta opp lån for å finansiera studiet. I staden må studentøkonomien sikrast ved stønad heimanfrå, for dei som har råd til det, og auka deltidsarbeid for dei som er dårlegare stilt økonomisk.

Denne avskrekkingseffekten må sjåast i samanheng med Stortingsmelding 12 om utdanningsfinansiering som kom i sommar. Denne går nemleg inn for at alle stipendmidlar for ettertida skal behovsprøvast for den gruppa som finn det nødvendig å finansiera deler av utdanninga ved deltidsarbeid.

Eit anna forvarsel på Stortingsmelding 12 er den manglande indeksreguleringa av lån og stipend for 1984. Dette går meldinga inn for å oppheva.

Som ein forsmak på St. meld. 12 går budsjettframlegget inn for behovsprøving av lånet mot ektefelles inntekt!

Dette budsjettframlegget kan ikkje godtakast av korkje studentar eller tilbakebetalarar!

KJEMP MOT STATSBUJSJETTET SLÅ TILBAKE STORTINGSMELDING NR 12!

Den kraftige forverringa i lånevilkåra fortener å bli møtt med skarpe protestar frå studentane, og ikkje minst frå fagforeiningar og organisasjonar som organiserar tilbakebetalarar. Kravet bør vere ganske klart.

NED MED RENTA!

Statsbudsjettet opphevar den automatiske indeksreguleringa av lån og stipend, den foreslår 5,3 % auke i lån og 6,5 % i stipend i staden for dei 9,4 vi skulle ha hatt.

I tillegg har vi St. meld. 12 i vente, denne stortingsmeldinga går også inn for reduksjon av lån/stipend etter kvart som det vert fleire stønadsmotakarar. Difor vil kampen om rammene for utdanningsfinansieringa bli det sentrale framover. Krava vi reiser må retta seg inn mot nedskjerjingane og for å auka rammene.

Nedskjeringsframstøytane vil ofte bli lansert under dekket av å vera sosialt utjamnande slik som den nye stipendmodellen i St. meld. 12 vert presentert. I den grad slike "sosiale tillempingar" er reelle, kjem dei bere for å hindra at nedskjerjingane skal synast for klart.

Det er eit typisk krisesymptom at det hevar seg sterke røyster for å omfordela innanfor rammene i situasjonar med kraftidige nedskjerjingar. Alle veit at tilbakebetalinga av studielånet er i ferd med å bli eit større og større problem for stadig fleier grupper. I denne situasjonen er det enkelt å kasta seg på eit krav om tilbakebetalinga skal omfordelast etter kva inntekt tilbakebetalarane har.

Dette er eit krav som for det første ikkje vil tilføra eit øre frå staten til utdanningsfinansieringa. For det andre: Dersom ein innafor dagens rammer skal finna midlar til ei betring av situasjonen for dei mange som etter kvart får problem med tilbakebetalinga så må midlane frå tilsvarande store grupper med "god" økonomi. I realiteten vil ei slik omfordeling bety at vi skal krevja at t.d. lektorar skal få større tilbakebetalingsbyrde enn i dag.



SKAL DET ENDE SLIK?

Problemet med tilbakebetalingsordninga er at det totalt sett er så knappe rammer at det ikkje er rom for å løysa dei problema som er i ferd med å gjere det breie lag av akademikarar til lågtlønnte, og stadig fleire stillar arbeidslause.

Om ikkje studentane og studentorganisasjonane snart greier å stikke hovude opp frå sin eigen skjortekrage og sjå kva som er i ferd med å skje, så vil ein før ein veit ordet av det, stå utan midlar til å fordela korkje sosialt eller usosialt.

Difor må nedskjeringsframlegga møtast med kamp og ikkje med forståelse og "lure" forslag til korleis nedskjerjingane skal fordelast "sosialt" og dermed bli mindre synlege.

- FORSVAR STUDIEFINASIERINGA
- NEI TIL STORTINGSMELDING 12